

## Far og son Bakke vann Romjultreffet (igjen!)

### Alf og Erling beste ruternålspar (igjen!)

Tot	B)	(B: Påmeldte i "Maks Ruternål")	Sc	%	KR	KP
1		Tor Bakke - Christian Bakke	137	61,6	1500	45
2		Harald Bastiansen - Helge Toft	103	58,8	1200	30
3		Terje Sæbø - Jostein Obrestad	91	57,7	1000	20
4		Frode Dyrstad - Tor Anders Hauge	87	57,4	800	14
5		Kjell Gaute Fyrun - Morten Haugen	43	53,7	600	9
6		Steinar Kyrkjebø - Agnar Kronen	35	53		6
7		David Ueland - Dag Inge Torgersen	33	52,8		4
8		Sigmund Sæbø - Jon Steinar Dale	31	52,6		3
9		Roger Træet - Stig Gamlemshaug	30	52,6		
10		Ann-Mari Mirkovic - Stine Holmøy	22	51,9		
11		Per Reidar Dale - Harald Fløysand	20	51,7		
11		Erik Engum - Anne Ringstad	20	51,7		
13		Oddvar Melchersen - Rolf Skaar	17	51,4		
14	1	Alf Selvik - Erling Skiple	15	51,3	700	
15	2	Dag Christensen - Åse Bauge	12	51	500	
16		Lisbeth K. Glærum - Kenneth Edwardsdal	10	50,9		
17		Leif Juvik - Joleiv Midttveit	-2	49,8		
17	3	Henry Wathle - Bjørg Brynie	-2	49,8		
19		Jan Aasmul - Helge Maurstad	-6	49,5		
20	4	Olav Kåre Hagen - Sylvi Hagen	-13	48,9		
21		Theo Linge - Sigfred Gjerde	-24	48		
22	5	Tord Lønnebotn - Per Aam	-28	47,6		
23	6	Astrid Nygaard - Per Nygaard	-37	46,9		
24		Atle Seim - Vegard Hermansen	-40	46,6		
25		Jan Thorbjørnsen - Knut Brænden	-48	45,9		
26		Kjell Asbjørn Helland - Vidar Kjøraas	-57	45,2		
27		Lise Grønningen Otterlei - Pippi Borge	-68	44,2		
28		Harald Nilsen - Harry Ulvatn	-87	42,6		
29	7	Randi Jensen - Laila Stokke Jacobsen	-141	38		
30	8	Sigurd Heggelund - Brit Bratland	-153	37		

### 30 par fann vegen til Åsatun 3. joledag!

Christian og Tor fekk sitje ved bord 1 så å seie frå start til mål.



Dei hadde pluss i 11 av 14 rundar, og var aldri under sluttresultatet 61,6 %.

Dårlegaste spel var mot ruternålsvinnarane med minus 11 for å gå beit i 4 spar, men vann likevel runden med 65,0 %.



Alerten gratulerer premievinnarane, og ønskjer alle spelarar velkomne til nye vinnarsjansar i 2013!

## Har du hugsa Kontingenten for 2013?

- Kr 500,- (hovedmedlemsskap)
- Kr 150,- (hovedmedlemsskap i annan klubb i NBF)
- Evt. Lisens: kr 500,- (Årslisens obligatorisk i SM 1. og 2. divisjon, Finalen i NM klubbslag og NM par.)

Årskontingenten skal innbetalast forskotsvis – pr 31. desember. **Altså:**

- **Betal årskontingenten for 2013 straks til kontonr 5083.05.80317**
- **eller kontant til kasserer Vidar Kjøraas.**

**På førehand: Takk!**

# Godt nytt år!

## Vedr. speleplan og puljeinndeling:

**Alerter** har ved fleire høve – sist i førre utgåva – bedt om respons vedr turneringsopplegget. Eitt svar er notert:

**”Spilleplan for våren som i 2012 helt ok for meg!**

**Forøvrig takk for alle interessante Alerter i 2012”**

Frå tidlegare har me ein kommentar til 7-kvelds turneringane, som synest å vere for lange for somme som ikkje kan spele alle kveldane.

Dette gir grunnlag for følgjande presisering:

- Fleirkvelds turneringne blir spelt som 7 (evt. 5 eller 3) einkveldarar.
- Av dei ca 30 % av speleavgifta som vert avsett til premiering blir 2/3 brukt til kveldspremiering.
- Resterande premiesum blir nytta til premiering samanlagt for beste 4 (evt 3 eller 2) kveldar (%-score).
- Samanlagtpremiering på individuell basis.  
**Dette inneber at ein kan vere borte 3 av 7 (evt 2 av 5 eller 1 av 3) kveldar, og likevel kjempe om samanlagtpremie, dessutan treng ein ikkje spele med same makker .**

Frå i haust:

### • Neste A- og B-pulje

- A-pulje er open – dvs at alle som ønskjer å spele i denne puljen kan gjere det.
- B-puljen er ”beskytta”, dvs at berre dei som er ”kvalifiserte” får spele der, **likevel slik at ein kan velje å spele i B-puljen om ein ønskjer det, men då utan premiering før etter neste fleirkvelds turnering.**

- Desse har spelt minst 4 kveldar i A-puljen i haustturneringa og lyt framleis spele i A-puljen:

- 1 Jon Steinar Dale – Terje Sæbø
- 2 Oddvar Melchersen – Rolf Skaar
- 3 Pippi B. Steen – Lise G. Otterlei
- 4 Sigfred Gjerde – Theo Linge
- 5 Lisbeth K. Glærum – Atle Seim
- 6 Terje Nilsen – Gerhard Leiten
- 7 Martin I. Henden – Jostein Obrestad
- 8 Per Reidar Dale – Tor Grimstad
- 9 Kjell A. Helland – Vidar Kjøraas
- 10 Elisabeth Eikeland – Ragna Tveit
- 11 Sigmund Sæbø – Sigrun Reigstad
- 12 Per Halvorsen – Helge Toft
- 13 Knut Brænden – Jan Thorbjørnsen
- 14 Einar Sætre – Ottar Eide
- 15 Sven Haukenes – Agnar Kronen
- 16 Morten Eide – Steinar Kyrkjebø
- 17 Hans Olaf Hansen – Finn Eriksen
- 18 Harald Fløysand – Harald K. Andersen
- 19 Harald Nilsen – Harry Ulvatn
- 20 Erik Engum – Anne Ringstad

- medan desse kan spele i B-pulje om dei ønskjer det:  
Desse har spelt i B-puljen i haustturneringa, men lyt ved neste korsveg spele i A-puljen, eller om dei ønskjer det kan dei spele i B-puljen utan premiering:

- 1 Joar Helle – Kari Matre
  - 2 Svein Blomberg – Hans E. Seim
- Dei som ikkje spelte haustturneringa spelar i A-puljen om (ein av) dei har minst hjarternål.

Me satsar på å kjøre ei Vinterturnering over 7 kveldar: 15. – 22. - 29. januar og 5. – 12. – 19 – 26. februar. Me reknar også med at me deltar i NBFs Simultanturneringar.

Tysdag i påskeveka, 26. mars, køyrer me den vanlege Påsketreffen med kretspong, og om ikkje anna vert avgjort køyrer me ei Vårturnering over 7 kveldar: 12. - 19. mars og 2. - 9. - 16. – 23. - 30. april.

5. mars har me årsmøte, då vert det einkveldsturnering, og 7. mai startar sommarturneringane.

Så vert det venteleg ein gild klubbturnering med sommaravslutning – i år har me ”lite” jubileum – 35.år – og me har tidlegare markert litt ekstra kvart femte år.... Me får sjå.....